



## MØTEPROTOKOLL

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for samferdsle</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Selje kommune</b>
<b>Møtedato</b>	<b>27.06.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00-15:15</b>

**Faste medlemmer til stades:**

Noralv Distad H  
Bjørn Hollevik H  
Sigurd Reksnes Sp  
Gunn Sande Sp  
Helen Hjertaas Ap  
Harald Bjarte Reite Ap  
Stein Malkenes MDG

**Forfall til møtet:**

Gunnhild Berge Stang V  
Arnstein Menes Sp

**Varamedlemmer til stades:**

Tore Fossen H  
Oddmund Klakegg Sp

**Til stades med møte- og talerett:**

Dina Lefdal

**Sekretariat for møtet:**

Monica Åsnes

Møteprotokoll frå 30.05.17 og 12.06.17 vart godkjend utan merknader.

**Munnleg orientering:**

Orientering og synfaring v/Selje kommune, ordførar Stein Robert Osdal, varaordførar Jan Vidar Smenes, næringslivsleiar John Terje Hamre og dagleg leiar i Stadpipe Nils-Per Sjøstad.  
Orientering v/Gunn Mongstad, framdrift i ferjeavløysingsprosjektet Ytre Steinsund.  
Orientering v/Øystein Hunvik, kollektiv.

**SAK 26/17**

**Ny driftskontrakt for Nordhordland 2018-2023 Standard på drifts- og vedlikehaldsoppgåver**

**VEDTAK:**

1. Det vert følgjande vinterdriftsstandard:
  - a. Fv. 92 mellom Bjordal og Matre vert vinterstengt mellom avkøyring til Bjørkelia hyttefelt og Hestfossen i perioden 1. november – 1.mai. Strekninga skal driftast etter vinterdriftsklasse E.
  - b. Resten av fv. 92 mellom Hordaland grense og Hest skal ha vinterdriftsklasse D
  - c. Dei andre fylkesvegane innanfor kontraktsområdet i Sogn og Fjordane har vinterdriftsklasse C
2. Den kommunale vegen mellom Eivindvik og Sollibotn som skal omklassifiserast til fylkesveg inngår i utlysing av ny kontrakt.
3. Drift av ny veg til Skipavika inngår i driftskontrakt Nordhordland. Eksisterande veg, inkludert ferjekaia, blir kommunal og går dermed ut av driftskontrakten.
4. Det skal vere krav om kvitmaling av følgjande tunnelar i løpet av kontraktsperioden:
  - a. Fv. 1 Inste fjordtunnelen
  - b. Fv. 1Hauglandtunnelen
  - c. Fv. 57 Nesatunnelen
  - d. Fv. 92 Bjordaltunnelen
  - e. Fv. 92 Søreidetunnelen
  - f. Fv. 92 Vamråktunnelen

-----

**SAK 27/17      Ny driftskontrakt for Nordfjord og Ytre Sunnfjord 2018  
– 2023**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

- 1) Ved utlysing av driftskontrakt for Nordfjord og Ytre Sunnfjord for perioden 2018 – 2023 skal følgjande vinterstrategi leggjast til grunn:
  - a. Som hovudregel skal driftsklasse C nyttast
  - b. Vegar som ligg perifert til skal ha driftsklasse D og driftsklasse E
  - c. Det skal nyttast saltløysing i staden for fukta salt.
- 2) Driftsrentreprenør må disponere minst ein veghøvel i kontraktsområdet.
- 3) Driftsrentreprenøren må disponere ein snøfres og to hjullastarar i vintersesongen
- 4) Det skal vere krav om kvitmaling av følgjande tunnelar i kontraktsperioden:
  - a. Fv. 60 Tyvanestunnelen
  - b. Fv. 60 Stavenestunnelen

**Endringsframlegg:**

Fylkesdirektøren sette fram nytt forslag til vedtak i saka:

- 1) Ved utlysing av driftskontrakt for Nordfjord og Ytre Sunnfjord for perioden 2018 – 2023 skal følgjande vinterstrategi leggjast til grunn:
  - a. Som hovudregel skal driftsklasse C nyttast
  - b. Vegar som ligg perifert til skal ha driftsklasse D og driftsklasse E
  - c. Det skal nyttast saltløysing i staden for fukta salt.
- 2) Driftsrentreprenør må disponere minst ein veghøvel i kontraktsområdet.
- 3) Driftsrentreprenøren må disponere ein snøfres og to hjullastarar i vintersesongen
- 4) Det skal vere krav om kvit maling av følgjande tunnelar i kontraktsperioden :

- a. Fv. 60 Tyvanestunnelen
  - b. Fv. 60 Stavenestunnelen
- 5) Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen skal vera vinterstengd i perioden 1. november til 15. juni.

Fellesframlegg frå utvalet til nytt punkt 5:

Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen skal vera vinterstengd i perioden 15.oktober til 1.juni.

**Avrøysting:**

Punkt 1-4 i fylkesdirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Punkt 5 i fylkesdirektøren sitt framlegg vart sett opp mot fellesframlegget. Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1) Ved utlysing av driftskontrakt for Nordfjord og Ytre Sunnfjord for perioden 2018 – 2023 skal følgjande vinterstrategi leggjast til grunn:
  - a. Som hovudregel skal driftsklasse C nyttast
  - b. Vegar som ligg perifert til skal ha driftsklasse D og driftsklasse E
  - c. Det skal nyttast saltløysing i staden for fukta salt.
- 2) Driftsrentreprenør må disponere minst ein veghøvel i kontraktsområdet.
- 3) Driftsrentreprenøren må disponere ein snøfres og to hjullastarar i vintersesongen
- 4) Det skal vere krav om kvit maling av følgjande tunnelar i kontraktsperioden :
  - a. Fv. 60 Tyvanestunnelen
  - b. Fv. 60 Stavenestunnelen
- 5) Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen skal vera vinterstengd i perioden 15. oktober til 1. juni.

-----

**SAK 28/17      Søknad om ruteløyve Aurland - Sogndal 2017/2018**

Utvalsleiar Noralv Distad gjekk frå som ugild, og nestleiar Helen Hjertaas tok over leiinga av utvalet i denne saka.

**VEDTAK:**

1. Aurland kommune får ruteløyve for skuleåret 2017/2018 på fylgjande vilkår:
  - a) Løyvet gjeld frå 21.08.2017 til 22.06.2018 på skuledagar
  - b) Det er kun tillate å ta på og sette av passasjerar som er heimehøyrande i Aurland kommune
  - c) Ruta kan ikkje nytte mellomliggande haldeplassar, med unntak av Fodnes for elevar til/frå Årdal vidaregåande skule
  - d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein kontroll.

-----

**SAK 29/17 Takstar for ekspressbåtane**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

1. Takstane på Sognerutene på reisestrekka Bergen – Sognefjorden, vert auka med 3 % utover normal prisregulering frå 1. januar 2018.
2. Takstane på Nordfjordrutene på reisestrekka Bergen – nord for Sognefjorden, vert redusert med 1,7% i forhold til normal prisregulering frå 1. januar 2018.

**Endringsframlegg:**

Framlegg frå Arbeiderpartiet og Senterpartiet:

Hovudutval for samferdsle ber om at utsegla strekning vert grunnlag for berekning av billettprisane mellom «Sognebåten» og «Nordfjordbåten» innan 2 år. Utvalet ber også om at effektane av ulik pris sommar og vinter vert utgreidd.

**Avrøysting:**

Framlegga vart sett opp mot kvarandre. Fylkesdirektøren sitt framlegg fekk 2 stemmer, Noralv Distad H og Tore Fossen H, og fall. Arbeidarpartiet og Senterpartiet sitt framlegg fekk 7 røyster, Harald Bjarte Reite Ap, Helen Hjertaas Ap, Oddmund Klakegg Sp, Sigurd Reksnes Sp, Gunn Sande Sp, Bjørn Hollevik H og Stein Malkenes MDG.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Hovudutval for samferdsle ber om at utsegla strekning vert grunnlag for berekning av billettprisane mellom «Sognebåten» og «Nordfjordbåten» innan 2 år. Utvalet ber også om at effektane av ulik pris sommar og vinter vert utgreidd.

-----

**SAK 30/17 Skriv og melding - hovudutval for samferdsle 27. juni 2017.**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fv. 722 Flovegen – kostnadsending
2. Fv. 337 Bjørnabakkane og Lindeskreda - oversending av sluttrapport med vedlegg
3. Søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar

4. Prosess mot fylkeskommunene - Statens vegvesens handlingsprogram, skredsikring fylkesveg og flaskehalsar for tømmertransport på fylkesveg
5. FTU - Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021
6. Gjeld framdrift i ferjeavløysingsprosjektet Ytre Steinsund

**Endringsframlegg:**

Fellesframlegg til vedtak for skriv nr 3 og 6:  
Hovudutval for samferdsle vil at ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund skal søkjast om etter gamal ordning.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fv. 722 Flovegen – kostnadsendring
2. Fv. 337 Bjørnabakkane og Lindeskreda - oversending av sluttrapport med vedlegg
4. Prosess mot fylkeskommunene - Statens vegvesens handlingsprogram, skredsikring fylkesveg og flaskehalsar for tømmertransport på fylkesveg
5. FTU - Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021
3. Søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar
6. Gjeld framdrift i ferjeavløysingsprosjektet Ytre Steinsund

**Vedtak:**

Hovudutval for samferdsle vil at ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund skal søkjast om etter gamal ordning.

-----